

Vinterminne

Tønnestavar. Det høyrest så fint ut i dag at vi nordmenn er fødde med ski på beina. Men slik var det ikkje for oss som voks opp i dei harde 1920- 30 åra. Vi måtte dei første barneåra bruke tønnestavar til ski. Ei tønne er oppbygd av fleire stavar som er ca. 1,20m lange og ca. 10 cm breie. Dei var laga av gran eller fure. Tønnestaven var fint bua, så han tok mest ned på midten. Så den var lett å svinge. Bindingane var enkelt eit tåband festa på midten og ei reim bakom hælen. No hadde ein ski til å gå på. Ja, ein kunne hoppe med dei òg, med god trening. Eg minnest Øye-Karl (Karl P. Hole) hadde nokre ekstra fine tønnestavar. Dei var litt lange og breie, og dei var laga av eik. Vi hadde mykje moro med desse primitive skiene våre.

Eg fekk skeiser før eg fekk ski. Han Hauknut-Andreas og ho Johanne var fadrane mine, og med dei fekk eg eit par nye, fine krullaskeiser. Første åra var dei litt store, så dei vart litt lause på foten. Men dei vart mykje brukte på elvaisen, Nysætervatnet og Fetvatnet. I min oppvekst var det vintrar med barfrost, så skeisene blei mykje brukt.

Bø-Harald laga ski. Så kom ei gladmelding. No skulle eg endeleg få meg ordentlege ski. Far hadde snakka med han Bø-Harald (Harald Lødøen), og han skulle lage dei. Nakke-Johan skulle ordne med bindingar, så alt var i dei beste hender. Så no gjekk eg ljose dagar i møte. Han Bø-Harald var kjend for å lage gode og fine ski, men han var òg ein av dei beste skiløparane i bygda, noko eg skal kome inn på seinare. Harald var òg ein dugande spelemann og felebyggar. Han stilte alltid opp kvar 17.mai og ved andre tilstellingar. Han spelte ofte slåttar av Gamle-Hjortdalen. Harald var òg ein ivrig og dugande jeger.

Harald var kresen når det gjaldt emne til ski. Det skulle vere turt og kvistfritt. Emne som far hadde hatt liggande to år på øvstelåven, og såleis var garantert turt, vart godtatt. Harald lovde at om ca. 14 dagar var skiene ferdige. Det vart 14 spennande dagar. Borte i Nakken jobba Johan med å lage beslag og bindingar med strammeklemme.

Så kom den store dagen. Eg skal ned på Bøen og hente skiene mine. Då eg kom inn døra til snikkarverkstaden, så var det litt mørkt, men eg såg eit halv-ferdig ski-par. Og så var det eit par han hadde sett ny tupp på der inne. Eg vart litt stuss. Eg trudde dei ikkje var ferdige. Du får sjå ned til nedste vegg, sa Harald. Der stod eit par brunbeisa ski med to kvite pyntestriper, ei grov og ei litt finare. Eg takka for skiene og fór på dør. Eg gløymde å spørje kva dei kosta. Det fekk eg aldri vite. Far betalte skiene.

No var det montering av binding. Far tok med seg pluggaskorne mine. Dei måtte tilpasse bindingane etter skorne. Beksaumsko hadde eg ikkje fått enno, så eg måtte bruke tåband. No, når eg endeleg hadde fått meg ordentlege ski, kunne eg sjå framtida lyst i møte.

Sportsleg aktivitet. Eg skal no kome inn på dei sportslege aktivitetar til ca. 1940. Eg skal først nemne kvar vi dreiv idrettsaktivitetar på Hole i denne førkrigsperioden. På Hole var det svært mange gutar som var fødde mellom 1913 og 1923. Vi var heile 15 stykke som dreiv meir eller mindre sportsleg aktivitet, der det berre var ti år mellom den eldste og den yngste. Hole har eit bratt og kupert lende. Det var lett å finne små hoppbakkar som låg lagleg til. Eg kan nemne Brattebakken og Holbakken. Desse to bakkane ligg på dyrka mark, så ein kunne hoppe der når det var lite snø. Lenger inne i Holemarka låg to hoppbakkar som også blei brukte. Desse bakkane har same namna som slåtteteigane dei ligg i. Storteig-bakken, Myrlø-bakken og Nyløteig-bakken. Den siste bakken blei brukt til eit lagsrenn på slutten av tretti-talet og det var Perry Fet som vart lagsmester i hopp.

Sømsa – Bastian og Rime-Olge la ned mykje arbeid på denne bakken. Den låg så lagleg til. Det var berre å gå over elva og der låg bakken opp i lia på Hole-sida. Bakken blei brukt til treningsbakke. Dette var same tida som den store Myrdalsbakken blei brukt. Bastian

Lade hoppa også i Myrdalsbakken. Same kor mange bakkar det var på Hole, så vart dei aldri hopparar desse gutane som voks opp i dette tidsrommet. Det var langrenn mange gjekk inn for. Ingen hadde hoppski. Vi brukte same skia til langrenn som til hopp.

Ski av hickory. I denne tidbolken var idretten lite organisert. Ein måtte ta styringa sjølve, så dei starta tidleg treningsrenn her på Hole. Der var òg treningsrenn som starta frå ungdomshuset på Hjorthol, over Brunstadgarden og over brua ved Bø-Sigbjørn, nedover mot Velle og over Vallabrua og opp Heggebakkane og fram til mål ved ungdomshuset. Denne løypa blei brukt fleire gongar seinare i kretsrenn. Vi hadde òg ei løype i Hole-Øyane. Vi hadde eit skirenn som starta frå Ola-garden på Lade. Løypa gjekk over den gamle La-brua og burt til det gamle La-tunet, så vidare innover Hole-marka i kupert terreng inn til Sætreelva, tilbake den gamle sætrevegen. Øye-Karl (Karl P. Hole) vann rennet. Eg minnest det fordi han Karl hadde fått seg nye ski som var laga av hickory, eit treslag vi ikkje hadde sett før. Det var utruleg kor desse skiene rann. Det var faren, han Øye-Petter, som hadde fått tak i skiene, og han Bø-Harald hadde laga dei.

Turrenn. Det vart òg halde merke-og lagsrenn på Drabløsstølen. Etter det eg minnest vann Kaspar Nakkeberg eit renn, og Jørn-Arne (Arne Hole) eit renn. På Hole hadde vi eit turrenn som vi kalla ”Å gå rundt ”. Det vanlege var å gå dette rennet to eller tre gongar for vinteren. Turen starta frå Hole, gjekk etter sætrevegen til Myrdalsstølen, så vart det ei stigning ut i skaret, utfør ned i Holebotnen, så beint på Bruarøra. Då ser ein Hølegarden 500 – 600m rett ned. Det var her moroa byrja. Til no hadde vi bytta på å gå først og brøyte løype, men no var det fritt fram. Det gjaldt å bli først i bann. Det var som ei åsgårdsrei som fór nedover lia. Somme prøvde å renne slalåm i fine bogar og kome seg til gards utan fall. Andre reid på stavane rett ned og bremsa så godt dei kunne. Det var ofte dei som kom først ned.

Petter og Severin vann. Fjellseterrenna og bygdarenna var dei store renna i Velledalen i tretti-åra. Sykkylven, Ørskog og Stranda kjempa om dei gjævaste pokalane . Det var både hopp og langrenn. Det var hard kamp mellom Ørskog og Stranda om pokalane i både hopp og langrenn. Men alle premielister er borte. Ørskog hadde sterke løparar med brørne Ole og Peder Lande, og Stranda med Peder Tronstad som sitt store ess, i både hopp og langrenn. Velledalen hadde gode løparar i Petter Lade (Jo-garden) og Jørn-Severin (Severin Hole), Arne Lade og Ole C. Brunstad. Petter Lade vann langrennet i 1936 og Severin Hole noko seinare. Årstalet er eg ikkje sikker på, men eg minnest at det kom ein voldsom snøkave etter starten og den varte heilt til løparane kom i mål. Så det var ein stor fordel å ha eit høgt startnummer, som Severin hadde. I 1936 deltok Ottar Hole og Karstein Brunstad i eit kretsrenn i Engesetdalen på Skodje. Ottar tok 3. premie på 17 km. Karstein tok 4.premie på 10 km junior.

Tøff løype. Bygdarenna var vel dei som samla mest av både løparar og tilskodarar. Det største bygdarennet på tretti-talet var i 1935. Det vert ofte snakka om dette rennet sjølv om det er 70 år att i tida. Eg var 12 år den gongen, men det sit i minnet enda. Sykkylven Idrottslag hadde fått seg ein storløpar som heitte Langeland. Han hadde ein eigen teknikk som andre ikkje hadde, så no skulle velledalingane få stryk. Sykkylven kom med mange deltakarar. Karsten Solnes, Mindor Aurdal og Johan Aure var nokre av dei eg minnest. Det rennet vart mest kjent for, var løypa. Det er sikkert hardaste og råaste løypa som er gått på desse kantar. Det var Kaspar Lade og Harald Løvdøen som lagde løypa. Den starta frå ungdomshuset på Hjortdal, rende over Brunstadbrua, så vidare framover den lange flata mellom daleelva og reinebakkane på Brunstad. Når dei kom inn i enden av flata, etter ca. 1 km, byrja den lange motbakken over Rabbetunet og vidare i jamm stigning mange kilometer mot Hole-botnen og skaret. Så her var

festesmøring viktig. Frå skaret er det utforkøyring ned til Myrdalsstølen og vidare heimover i kupert terreng til Hole. Så ein trykk opp att på Brunstadkolda, og så den siste utforkøyringa ned på den lange flata, og innkomst ved ungdomshuset. Dei fleste var så utslitne etter det siste trøkket opp på Kolda at dei knapt nok stod på føtene. Så det vart mykje knall og fall før dei kom ned.

Væskemangel. Når folket såg løparane kom ned Kolda, samlast dei rundt mål og langs vegen til brua. Vi heia og ropte på våre løparar, og auringane på sine. Vi såg etter Petter Lade, Harald Lødøen, Ole C. Brunstad, Severin Hole og Ottar Hole (som var junior). Auringane hadde mest tru på den nye løparen Langeland. Fornamnet kjem eg ikkje på no. Karsten Solnes og Mindor Aurdal var det òg mange som hadde håp på. Etter som løparane kom inn, stod det mellom Harald Lødøen og Langeland. Men til slutt vart Harald kåra til klar vinnar. Etter at alle løparane var innkomne og nummera var opptalde, viste det seg at eit nummer var vekk. Det var Knut-Erling (Erling Lade) sitt som ikkje var komen i mål. Det kom no på tale å sende ut ei skipatrolje for å leite etter han. Men då var det ein av løparane som hadde sett Erling når han kom ned på Myrdalsstølen. Erling hadde ikkje følt seg bra, og då han kom ned i Holemarka hadde han gått over elva og opp i Sømso-garden, der mor hans var ifrå. Alt på grunn av væskemangel. Erling vart henta med hest og slede.

I hoppski over Klippe. Det første bygdarennet eg var med på var i 1939 på Aurestølen i Sundalen. Eg var 15 år gamal. Ottar Hole, Karstein Brunstad og broren Olav Brunstad hadde lenge masa at eg skulle vere med dei og gå bygdarennet det året. Lysta var der, men eg hadde ikkje langrennski. Men eg fekk låne ski av Arne Hole. Han hadde eit par Østby langrennski. Vi stramma inn bindingane litt so dei passa til skorne mine. Innmelding var den tida ein time føre start. Vi måtte starte tidleg sundags morgon, for det skulle vere hopprenn etter langrennet. Turen gjekk innetter setrevegen i Holemarka, over elva til Drotninghaug. Så opp til Sundalsskaret og ned Klipå til Aurestølen. På veg opp til skaret kom vi over spor etter ein som hadde gått på hoppski. Han hadde gått fiskebein i dei brattaste motene, og følgt elvajuvet som var fullt av snø. Då me kom ned på Aurestølen, fekk vi vite at det var han Jo-Åsmund som hadde gått over Klippe i hoppski. Han skulle delta i hopprennet etter langrennet. Å gå over Klippe på hoppski er i seg sjølv ei bragd, for Åsmund var i grunn ein liten og lett kar.

Når det gjaldt langrennet, so var det to unge brør som tok dei første plassane, Karsten og Angel Eidem. Jørn-Johan redda æra for Velledalen. Han tok fjerde plassen. Johan hadde lege på Aurestølen natta til sundag, så han slapp å slite seg ut over fjellet. Plasseringane til oss Hole-gutane fekk vi aldri vite, for vi starta på heimturen medan vi var sveitte. Vi tok same vegen som vi kom.

Ny giv. Dette bygdarennet var siste rennet eg gjekk på sju år. Hausten 1939 reiste eg til Skylstad og vart dreng hos farbror min. 9.april 1940 braut krigen ut. Det vart slutt med all offisiell idrett. Først i 1946 vart det første distrikts-langrennet halde. Det var i Hevsdalen. Starta ved vegvesenet si garasje. Deltakinga var enorm. Over 200 starta tilsaman i A-B og C klassene. Karl N. Overå vann rennet. Eg var den einaste deltakaren frå Velledalen IL. Fekk 12. plass i kl. C. Etterkrigsåra vart ei gullgruve for Idrettslaget. Både i langrenn, hopp og alpint storma nye, unge talent fram.

Oddmund Skylstad

